



---

# Notat

---

Ingrid Bjørge  
Pedersen

**Emne: Førebels uttale vedkommande søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg - gbnr 108/157 Lindås**

Teknisk drift syner til søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg – gbnr 108/157 Lindås. Teknisk drift har vurdert innkommen søknad og har følgjande merknader:

Tiltak (carport) er plassert i siktsone til eigen avkjørsle. Siktsone vist på situasjonskart er ca 4 x 12 m. Minste krav til sikt (= stoppsikt) er 4 x 20m. Carport må flyttast ut av siktsone (sjå vedlagt situasjonskart datert Teknisk drift, VVA, 25.06.2014).

Tiltaket må være plassert slik at det ikkje kjem i konfliket med drift og vedlikehald av veglys. Avstand mellom tiltak og veglys skal være minimum 1,0m. Tiltak skal være fundamentert forsvarleg slik at det ikkje er fare for at tiltak vert påført skade ved oppgraving av veglysfundament.

Tiltaket skal elles være plassert slik at tekniske krav til avkjørsle vert oppfylgt.

Nytt situasjonskart med plassering av carport utan for siktsone må sendast inn. På situasjonskart må minste avstand til veg og veglys være vist. Når dette er sendt inn vil teknisk drift gje ei endeleg uttale vedkommande søknaden.

Det må undersøkjast om det ligg privat leidningsnett i veg/veggrøft. Det må også undersøkast om det ligg andre typer kabler som til dømes veglyskabel, fiberkabel og stømkabel i veg/veggrøfta. Dersom slike anlegg ligg i veg/veggrøft vil dette utløyse nye krav til avstand og fundamentering.

Linda Folkestad

Sakshandsamar Teknisk drift.